



Arve Rosnes  
Hammaren 16  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3142 - 14/11463

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
16.07.2014

## Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Oppføring av garasje på gbnr 27/125.

**Administrativt vedtak. Saknr: 209/2014**

**Tiltakshavar:** Arve Rosnes  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### **Saksutgreiing:**

Det vert vist til søknad motteke 04.07.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld bygging av garasje på gbnr 27/125.

### **Vurdering:**

#### Planstatus:

Eigedomen er i reguleringsplan for Moldekleiv – planid 125619780001 - regulert til bustad.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 19.06.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart motteken 04.07.2014. Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 27/112 om plassering av garasje inntil 1 m frå felles grense for gbnr 27/112 og 27/125. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillete grad av utnyttning på tomte % BYA) er 30 %. Følgjeleg samsvarer tiltaket med reguleringsplanen

Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av garasje på gbnr 27/125 i samsvar med søknad motteke 04.07.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 04.07.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 1 meter til nabogrense er absolutt, jf erklæring frå eigar av gbnr 27/112.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

*Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Arve Rosnes

Hammaren 16

5918

FREKHAUG